

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Emil Gadolin, A, sette fram slikt tilleggsforslag:

Tilleggspunkt:

Fylkestinget syner til samarbeidet som er etablert med HVL og fagskulane i Vestland som er omtalt i fråsegn frå styret i fagskulen datert 04.11. 2019 og vedtak i fylkesutvalet den 20.06.2019. Fylkestinget ber administrasjonen ta initiativ til å utgreia nye samarbeidsløysingar mellom HVL og fagskulane i Vestland fylkeskommune som kan medverka til å styrkja fagskuletilbodet og gje kostnadseffektive løysingar på investeringar og drift.

Avrøysting

Prosjektleiaren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Emil Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget godkjenn dei framlagde rom- og funksjonsprogramma.
2. Fylkestinget godkjenn framlegget om å redusere areal i romprogramma som følgje av sambruk og samlokalisering av skulane.
3. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga vert prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.

Fylkestinget syner til samarbeidet som er etablert med HVL og fagskulane i Vestland som er omtalt i fråsegn frå styret i fagskulen datert 04.11. 2019 og vedtak i fylkesutvalet den 20.06.2019. Fylkestinget ber administrasjonen ta initiativ til å utgreia nye samarbeidsløysingar mellom HVL og fagskulane i Vestland fylkeskommune som kan medverka til å styrkja fagskuletilbodet og gje kostnadseffektive løysingar på investeringar og drift.